



## Referat frå styremøte

<b>Stad:</b>	Rådhuset i Fjell kommune
<b>Dato:</b>	04.06.2018
<b>Tid:</b>	13 -15.00
<b>Desse møtte:</b>	Kari-Anne Landro ( møteleiar) Børge Haugetun, Marianne Sandahl Bjorøy, Lillian Torsvik, Siri Falhvik Pettersen og Rune Lid.  Informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke og Inger Elin Hetlevik (møtesekretær).
<b>Andre:</b>	
<b>Forfall:</b>	Siri Hansson, Kjell Haaland, og Endre Korsøen frå HFK, Leon Dale og Nils-Arve Eidsheim frå Lerøy Sjøtroll, Ingrid Lundamo frå Marine Harvest, Svein Arve Forland frå Telavåg fisk, Tom-Georg Indrevik, styreleiar i Gode Sirklar, Arnt Ivar Kverndal, SINTEF og Sigmund Kvernes, Gode Sirklar

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
10/18	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Godkjent- ingen merknadar.
11/18	Havrom 2018	<p>På regionrådsmøtet 12.mars 2018 orienterte Sigmund Kvernes omstatus på prosjektet Havrom. Regionrådet bestemte då at det skulle inviterast til eit møte med regionrådet og dei ulike aktørane innanfor havbruksnæringa i regionen. Det var tre oppdrettsselskap som var til stades på møte i dag- Lerøy Sjøtroll, Telavåg Fiskeoppdrett og Marine Harvest. I tillegg stilte det fleire frå Hordaland Fylkeskommune.</p> <p>Gode sirklar har i samarbeid med SINTEF utarbeidd ei skisse til ei moglegheitsstudie. Arnt Ivar Kverndal (prosjektleiar) frå SINTEF gav ein gjennomgang av status i prosjektet og litt om utfordringane regionen har med å være i raud sone.</p> <p>Utgangspunktet for prosjektet var nedgang i olje- og gassnæringa og ein måtte då sjå på om noko av den kapasitetne kunne overførast til sjømatnøringa.</p> <p>Nærings- og fiskeridepartementet har innført eit såkalla «trafikk- lys system» der kysten er del tinn i 13 produksjonsområder, som er farga med grøne, gule og raude lys, alt etter kor store konskvensar næringa har på miljøet.</p> <p>Det er 2 hovedutfordringar som kan hindre vekst i vår region:</p> <p>1:Produksjonsområde 3 og 4 er begge i raud sone 2:Marin verneplan for Krossfjorden</p> <p>Kostnaden på ei slik moglegheitsstudie vil liggje på mellom 500 tusen kriner og ein million kriner. Planen er at arbeidet kan starte opp i august 2018 og</p>

		<p>vere slutført i februar 2019. Oppdratet er to-delt Ein må først finne no-situasjonen, og så kva potensiale som finnast med ulike scenario. Forslaget frå arbeidsgruppa som til no har jobba med dette prosjektet er å kjøpe inn ekstern kompetanse for å gjennomføre moglegheitsstudiet. Ein legg opp til eit samarbeid med oppdrettsnæringa, men for å sikre at studien vert objektivt føreslår Arnt Ivar Kverndal at næringa sjølv ikkje er med på finaniseringssida.</p> <p>Alle dei ulike inviterte aktørane gav ein presentasjon på korleis dei opplever situasjonen er no. Næringa ønskjer å reduserte tida oppdrettsfiskne er i sjøen for dermed å redusere eksponeringa for lus. Dei ønskjer samarbeid med styresmaktene og gode arelplanar slik at ein slepp å søkje om dispensasjon. Utviklinga i næringa skjer fort, og næringa ser for seg ei framtid med varierte driftsformar. Dei ønskjer at kommunen må sørge for at aktørane får dei beste områda og støtte lokalitetene for oppdrett og sjømatnæring, både for lokalitetar som er sksponerte og skjerma lokaliteter.</p> <p>Fylket ønskjer denne næringa vel og vi treng ei næring som er berekraftig, seier Kjell Haaland. (nestleiar for utval for kultur, idrett og regional utviling i Hordaland Fylkeskommune), og oppppmodar aktørane om å ha eit tett samspel med kunnskapsmiljøa.</p> <p><b><u>Konklusjon:</u></b> Regionrådet konkluderer med at dei på møtet har fått gode innspel til vidare arbeid om det skal fortsette å være eit prosjekt/moglegheitsstudie. Kommunane vil gjere det dei kan for å legge til rette for aktørane og at det må vere vidare dialog med dei ulike partene kring dette arbeidet.</p> <p>Administrasjonen førebur ei sak til kommunestyret.</p>
12/18	Ymse	Ingen saker